



## DOVRE KOMMUNE

### **Prosjektet Dovre tettstad**

### **Oppsummering av kafé – dialog på Toftemo turiststasjon 29.11.2023**

#### **Oppgåve 1 – gangaksen frå Jøndalsvegen til butikken over skulegarden**

---

##### **Gruppe A**

Brua over Lågen (Jøndalsvegen) er vanskeleg å gå. Om vinteren er det gjerne dårleg brøyta og det er lite ljøs her. Brua over Dragåe er fin og det er hyggeleg med lyden fra åa. Det er fint med variasjon i terrenget i dag.

Det er støy frå E6 over den gml skulegarden og også ofte lukt frå reinseanlegget. Stien har dårleg vedlikehald. Det er bra med mange leikeapparat, men desse er dårleg haldt ved like. Det hadde vore fint med treningsapparat for vaksne i dette området (a la Tuftepark).

Skulegarden er brukt som festivalplass og til ulike arrangement. Det er derfor viktig at den er open og fleksibel. Men gjerne også meir grønt!

Innslag av meir grønt framfor Samfunnshuset hadde vore fint og det burde også vore grønare ved Coop!

##### **Gruppe B**

Snarveg over den gml skulegarden er bra! Fint å sleppe trafikken og det gjev ein oppleving av natur. Det blir gjørmete her når det er vått. Godt underlag er viktig! Det er også mangel på vedlikehald i området og m.a. tett vegetasjon langs Dragåe. Skilting av snarvegen trengs! Dette kan med fordel vera del av ein turrunde.

Det er for dårleg belysning. Men det er også viktig å tenke på at ljøssettinga bør vera diskret. Vi vil ikkje ha ljøs som likner flombelysning! Det er viktig med kvilebenker langs strekningen med jamne mellomrom. Særleg med tanke på at det er mange eldre som går her.

Det er trafikale bekymringspunkt i start og slutt av denne gå-strekninga; dvs. Jøndalsvegen/ undergangen under E6 og fylkesvegen ved Samfunnshuset/ Coop. Det manglar m.a. gangfelt ved undergangen E6 og eks fortau er smalt.

##### **Gruppe C**

Undergangen under E6 er trong og flomutsatt.

La gang traseen frå Jøndalsvegen til fv. ved Coop bli ein oppleving i seg sjølv! Ting å oppleve langs vegen. Dette kan gjerne utviklast saman med Hjerleid handverksskule.

Vintervedlikehald, god ljøssetting, god skilting og informasjonspunkt er viktig!

## Gruppe D

Dette er ein "tradisjonsrik" sti; den har alltid vore der! Traseen er tidssparande, men det trengs skilting og informasjon. Snarvegen er vanskeleg å finne for den som er ukjent, t.d. pilegrimane. Kvilestader langs traseen; benker og gjerne bål plass. Om vinteren er det ofte glatt, pga. manglande vintervedlikehald, og det manglar ljós.

Endepunktet er ikkje fint; her kjem ein til ein parkeringsplass og eit eldre busstopp (ved skulen). Gangfeltet ved butikken er uheldig plassert.

"Tettstadsplassen" (torget v butikken, parkarealet ved skulen og plassen v samfunnshuset) er der, men dette "byrommet" må kome tydelegere fram. Det må jobbast med det eksisterande grøne, og tilførsast forbindelser gjennom. Etablere "Dovreparken" og bruke denne til å binde sentrum bedre saman.

## Oppgåve 2 og 3 – parken framom gml Dovre barneskule og areal v samfunnshuset og COOP

---

### Gruppe A

Få betre fram ein sentrumsidentitet!

Ein god ide å ta bort gjerdet rundt parken på framsida av skulen. Dette kan bli eit vakkert grøntareal! Gjerne kunst i parken, og fontene. Bruk skifer! Gjerne villblomster eng i deler av parken. Set parken som eit fokus i midten av sentrum.

Fargepaletten kan forbeistrast. Kan ein kanskje male det gule på skulebygget (rundt vinduene mm) raudt, slik som andre bygg i sentrum?

Det bør bli ein betre forbindelse mellom parken framom skulen og samfunnshuset (der busstoppen ved skulen, som i dag ikkje blir brukt, ligger).

Flytt gjerne både nordgåande og sørgåande busstopp til Jetta/ parken langs Kongsvegen. Busstoppet kan styrke sentrumet. Det manglar busskur!

### Gruppe B

Parken bør vera tilgjengeleg også om vinteren. Det kan kanskje vera ein god ide å rive gjerdet? Men det må tenkast sikkerheit! Og kanskje kan gjerdet vera greitt å ha i forhold til evt. skjenkeløyve? Kanskje heller lage ein eller fleire attraktive porter som ønsker velkommen inn? Juletre bør inn og kanskje isskulpturar om vinteren? Parken bør forskjønnast. "Look to Sel!" Der har det vorte fint!

Det manglar publikumstoalett i sentrum!

Parkeringa ved Jetta har lite struktur; kan dette arealet vera reservert dei som trenger det mest? Andre kan gå litt lengre?

Busstopp; nokre busser kjem frå E6 og svingar nordover, men stopp ved Jetta er kanskje best? Kan vi få Vy bussen til å stoppe i sentrum og da same stad som øvrige busser? Eit stoppunkt for alle bussane!

### Gruppe C

Det bør vera eit sentralt informasjonspunkt i sentrum og da aller helst i parken, m.a. om Pilegrimsleden, kyrkja, tur moglegheiter og om Hjerleid handverksskule. For at dette skal kunne

fungere må ein dra folk til parken på ein opplagt måte! Gjerde eller ikkje gjerde er ikkje så viktig; det viktige er at sikkerheit blir ivareteke. I parken bør det også vera benker og kanskje ei scene.

Busshaldeplassen bør bort frå krysset! Det er betre å plassere denne lengre nord langs Kongsvegen.

Torget ved COOP; kan ein flytte ein del av parkeringsplassane frå torget til vestsida av butikken?

Skifer er utfordrande som belegg fordi det gjerne blir glatt.

### **Gruppe D**

Det er lite samanheng for mjuke trafikantar i sentrum. Det er utflytande køyreareal og uklare ganglinjer. Dette bør det rettast opp i!

Det er fint om noko av gangtrafikken kan gå gjennom parken. Det gjev fleksibilitet.

Mange lar vere å bruke gangfeltet langs parkeringsplassen på Coop-en mot Kongsvegen, fordi dette er for smalt og bilene parkerer gjerne delvis over feltet. Kan gangfelt bli kombinert med busshaldeplass langs Kongsvegen? Busstopp på nordsida av krysset er best.

Gjerdet rundt parken/ gml. skulegarden verker avvisande i dag. Det kan evt. malast i ein ljosare farge?

## **Oppgåve 4 – ved kyrkja**

---

### **Gruppe A**

Parkeringsplassen på kyrkjebakken bør vera for dei med størst behov! Det trengs betre belysning langs Kongsvegen og på kyrkjebakken. I dag er det kaotisk med ulike master og armatur, samt skeive master. Avkøyringa til Vangvegen bør utbetrast. Bevar den fine bjørkerekka i området!

Kan dei gamle bygga på Klukkarhaugen som no skal rivast, flyttast til "Dovre senter" der containerane i dag står? Dette vil da, saman med senterbygget, bli eit fint tun. Containerane kan flyttast til vestsida av butikken. Klukkarhaugen kan t.d. vera eit servicesenter med toalett, omkleddingsrom for pilegrimar, informasjonspunkt, eller liknande. Kanskje utstillingslokale?

Det er behov for eit pilegrimssenter i Dovre sentrum om sommaren. Kan dette flyttast frå Hjerkinne denne delen av året? Det er da på Dovre det skjer!

### **Gruppe B**

Inngangspartiet mot Kongsvegen fungerer ikkje i forhold til universell utforming. Det er rampe mellom vegen og portalen, men her er det terskel, det er ein bratt grusveg mot kyrkja og trapper mot inngang. Det er betre å legge til rette for at Follalsporten blir hovud åtkomst. Kan ein også legge til rette for parkeringsplassar i dette området, nord for bårhuset? Tydeleg fotgjengarfelt viktig!

Kristian Flagestad, den siste som blei halshogd i Dovre, skal visstnok vera gravlagt utanfor muren mot Kongsvegen. Kan dette gjerast til ein attraksjon?

Det trengs benker på kyrkjebakken!

### **Gruppe C**

Flaggstonga kan godt flyttast, sjølv om den "alltid" har stått på denne plassen. Vi får ikkje fleire parkeringsplassar om dette blir gjort, men det blir lettare å manøvrere. Vi har mange nok

parkeringsplassar i Dovre sentrum, men folk må bli bevisstgjort, slik at dei i større grad parkerer ved butikken og ved Klukkarhaugen.

Det er viktig å få fleire til å stoppe på Dovre!

#### **Gruppe D**

Det blir oppfatta som at det er mangel på parkering ved kyrkja, men det er mykje parkering i sentrum av Dovre. Kan det bli etablert eit område for "avslepp" på kyrkjebakken, og at ein legg opp til parkering andre stader i større grad, t.d. v Klukkarhaugen eller butikken? Parkeringsplassane på kyrkjebakken bør vera prioriterte plasser. Det bør leggest betre til rette for fotgjengarar, m.a. med eit godt fotgjengarfelt over Kongsvegen. Det er også viktig å legge betre til rette for mjuke trafikantar når dei kjem ut kyrkjeporten. Flaggstonga kan godt bli fløtt noko. Den trenger ikkje stå midt på parkeringsplassen.

#### **Ordet er fritt:**

Det trengs offentlege toalett i sentrum av Dovre!

Kan det bli etablert eit felles anlegg for busstopp på COOP sin eigedom, der det no planleggast EL ladeplass?

Viktig å sikre gode ganglinjer frå EL ladeplassen til butikken og resten av sentrum.

Kan noko av opprustinga og forskjøninga bli gjort på dugnad?

Bør det bli utarbeidd ein besøksstrategi for Dovre også for sentrum av Dovre? Det er ting som tyder på at tal på besøkande kjem til å auke mykje i åra framover. Korleis handtere bubilturismen, t.d?

Pilegrimane har behov for å ha eit sted å kle seg om, kvile, gå på toalettet og dette kan ikkje Jetta ta seg av aleine. Kan det bli eit offentleg tilbod? Evt. kombinert med pilegrimssenter på Dovre om sommaren?